

bokLEK

FOR ALLE SKULESTARTARANE I INNLANDET







LEIK MED BOKA!

Bøkene til Markhus kan lånast på ditt lokale folkebibliotek. Alle barnehagar som deltek, får eit eksemplar av boka. Vi oppfordrar barnehagane til å gå inn på www.boklek.no for nyheiter, tips og idear til aktivitetar til *Det runde problemet*. Aktivitetane kan gjennomførast i barnehagen og heime før og etter besøket på biblioteket.

BOKLEK-TURNÉ

Alle barna som går siste året i barnehagen, blir invitert til folkebiblioteket for å møte forfattaren eller ein formidlar.

BokLEK-forfattaren i Innlandet i 2026 er **VEGARD MARKHUS**. Han reiser saman med **KRISTINE HAUGLAND** og **MARIANNE SUNDAL** rundt til alle folkebiblioteka i Innlandet for å formidle biletboka *Det runde problemet*, som er ei humoristisk og absurd bok om einsamheit og venskap.

ÅRETS FORMIDLERE



VEGARD MARKHUS er forfattar, illustratør, lærar og musikar. Saman med Bjørnar Sangolt utgjer han duoen Naboen min, som lagar musikk for barn. Han har gitt ut ei rekkje prisbelønte barnebøker.



MARIANNE SUNDAL er forteljar og har lang erfaring med fortellingar, framsyningar og kurs. Sundal har jobba mykje med elevar og lærarar. Ho lagar også eigne framsyningar.



KRISTINE HAUGLAND har jobba som forteljar sidan 2003. Med forskjellige solo- og samarbeidsprosjekt har Haugland turnert og spela for tusenvis av barn, unge og vaksne.

BOKLEK starta i 2014 og er eit samarbeid mellom Norsk Litteraturfestival og Innlandet fylkesbibliotek. I 2026 blei bokLEK utvida til turnear i Rogaland, Telemark, Østfold, Buskerud, Trøndelag og Møre og Romsdal i samarbeid med fylkesbiblioteka. Målet er å skape positive litteraturopplevingar gjennom formidling, høgtlesing og forteljing, og ved å lytte, teikne, dikt og skape

MEIR INFORMASJON PÅ WWW.BOKLEK.NO.

NORSK SIGRID UNDET-DAGENE LILLEHAMMER
LITTERATURFESTIVAL
01. – 07. JUNI 2026

